

# Resultatregnskap

## Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2017</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>2016</b>
Salgsinntekter		1 957 000	1 957 000	1 864 000
Andre driftsinntekter		-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 957 000</b>	<b>1 957 000</b>	<b>1 864 000</b>
Lønnskostnader m.m.	2, 4, 5, 6	1 674 198	1 700 000	1 617 909
Avskrivninger kontormaskiner	3	16 712		4 178
Andre driftskostnader	6	236 806	257 000	206 953
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 927 716</b>	<b>1 957 000</b>	<b>1 829 040</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>29 284</b>	<b>-</b>	<b>34 960</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>				
Renteinntekter		1 914		382
Resultat av finansposter		1 914	-	382
Resultat før skattekostnader		31 198	-	35 342
Ordinært resultat		31 198	-	35 342
<b>Ekstraordinære inntekter og kostnader</b>				
Årsresultat		31 198	-	35 342
<b>Overføringer</b>				
Avsatt til annen egenkapital		31 198	-	35 342
<b>Sum overføringer</b>		<b>31 198</b>	<b>-</b>	<b>35 342</b>

# Balanse

## Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS


Eiendeler	Note	2017	2016
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immatrielle anleggsmidler</b>			
Varige driftsmidler	3	1	16 713
<b>Finansielle driftsmidler</b>			
Investering i aksjer og andeler		18 923	14 651
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>18 924</b>	<b>31 364</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>		-	
Kundefordringer		-	
Sum fordringer		-	-
Kasse pr 31.12.		1 184	1 184
Bankinnskudd pr 31.12.		859 151	817 615
<b>Overføringer</b>		<b>860 335</b>	<b>818 799</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>860 335</b>	<b>818 799</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>879 259</b>	<b>850 163</b>

# Balanse


## Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Egenkapital og gjeld	Note	2017	2016
<b>Innskutt egenkapital</b>			
<b>Immatrielle anleggsmidler</b>			
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		599 123	567 924
Sum opptjent egenkapital		<u>599 123</u>	<u>567 924</u>
<b>Sum egenkapital</b>		<u>599 123</u>	<u>567 924</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Andre avsetninger for forpliktelser		-	
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		4 759	2 538
Skyldig offentlige avgifter		128 996	150 007
Annen kortsiktig gjeld		146 381	129 692
<b>Sum kortisiktig gjeld</b>		<u>280 136</u>	<u>282 237</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>280 136</u>	<u>282 237</u>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<u>879 259</u>	<u>772 202</u>

Aksdal 22.02.18

  
Astri Furumo  
Styreleder

  
Simon Næsse  
nestleder

  
Siv Bente Stople Østbø  
styremedlem

  
Toril Hallsjø  
daglig leder

# Noter til regnskapet for 2017

## Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

### Note 1 – Regnskapsprinsippet

Selskapet fører regnskap etter regnskapslovens bestemmelser. Selskapets inntekter faktureres i tråd med selskapsavtalen og bokføres kvartalsvis. Det er ingen valutatransaksjoner i regnskapet.

### Note 2 – Spesifikasjon av lønnsposter

Selskapet har i 2017 bokført totale lønnskostnader på kr 1 674 198. Disse er fordelt på følgende poster:

Lønn	1 262 295 kr
Andre personalkostnader	35 525 kr
Styre og representantskap	18 000 kr
Premie pensjonsordning	147 586 kr
<u>Arbeidsgiveravgift</u>	<u>210 792 kr</u>
 Totalt	 1 674 198 kr

### Note 3 – Varige driftsmidler

Nytt datautstyr ble anskaffet i desember 2012 til kr 40 802 som har krevd balanseføring. I 2017 var restbeløpet kr 16 713 og hele beløpet var tenkt avskrevet. Ved en feil ble saldo pr. 01.01.18 stående igjen med kr 1.

### Note 4 – Antall ansatte

Selskapet har i 2017 hatt to ansatte i full stilling, tilsvarende 2 årsverk.

### Note 5 - Pensjonsordning

Selskapet har kollektiv pensjonsordning for selskapets ansatte i KLP. Ordningen oppfyller kravet til obligatorisk tjenestepensjonsordning.

Pensjonskostnadene er belastet regnskapet med kr 147 586.

### Note 6 – Ytelser til ledende personell og revisor

Det er utbetalt kr 665 283 i lønn og feriepenger til daglig leder av selskapet. I tillegg er det utbetalt fast bilgodtgjørelse på kr 13.000.

Samlet styrehonorar utgjør kr 18.000. Honoraret til styreleder utgjør kr 10 000.

KPMG AS er selskapets revisor. Revisjonshonoraret er bokført med kr 11 250.

## *Årsmelding for 2017*

### *og*

## *styret si melding*

#### **Selskapet si verksemd**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta med verknad frå 01.01.05. Selskapet utgjer eit interkommunalt samarbeid mellom 10 kommunar på Haugalandet, og skal ivareta funksjonen som sekretariat for kontrollutvala for eigarane.

Deltakarkommunane er Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Kommunane hadde totalt 118.724 innbyggjarar pr. 01.01.17. Kontora ligg i Tysvær rådhus, Aksdal, medan møta i kontrollutvala blir halde ute i kommunane.

Året 2017 har vore prega av ordinær drift, der selskapet har bistått kontrollutvala med å ivareta sin tilsynsfunksjon i kommunane. Selskapet utførar sekretariatstenester som omfattar oppgåver som saksførebuing, protokollføring og iverksetjing av vedtak i kontrollutvala.

Sekretariatet har gjennomført totalt 47 (49) kontrollutvalsmøte og saksførebudd sakshandsaminga av 273 (291) saker i 2017. Av desse har 48 (66) gått til vidare handsaming i kommunestyre (frå 4 til 8 saker i dei enkelte kommunane). Færre saker i 2017 skyldast at planane blei vedteken året før.

I selskapet har det vore 4 styremøte og 1 representantskapsmøte. Styret har handsama 22 saker, der 4 saker er sendt vidare med innstilling. På personellsida har det vore inga endring. Selskapet har i 2017 delt selskapet sine midlar mellom ein driftskonto og ein ny kapitalkonto, i tillegg til at selskapet har ein lovpålagt skattetrekkkonto.

Selskapet har i sin strategiplan eit mål å vere synlege i kommunane og vere oppdaterte. Vi meiner å ha medverka til dette i året som har gått, og kontrollutvala er eit organ som gjer viktige innspel i debatten i utvalte saker. Dagleg leiar har mellom anna møtt som observatør på representantskapsmøte i interkommunale selskap og på samlingar i regi av KS.

For å kunne samordne arbeidet til utvala med fylkesmannen sitt tilsynsarbeid i kommunane, har sekretariatet samarbeid med fylkesmannen i Rogaland. Det gjeld særleg til forvaltningsrevisjonsarbeidet, slik at ein kan dra vekslar på, og byggje på kvarandres arbeid, i staden for å undersøke same tenesteområde innan same tidsrom.

#### **Framhald av drift**

Selskapet har stabilitet i arbeidsstokk, eigenkapitalen er god og rekneskapen viser overskot. Verksemda er basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i avtale frå 2004. Det er inga indikasjonar på lovendringar som skulle seie at grunnlaget for selskapet skal falle bort.

Kommunelova krev at sekretariata skal ha si sjølvstende, dvs. ikkje vere underlagt administrasjonssjef eller revisor. Ei samanslåing av kommunar vil kunne få verknad for drifta, men det er pr. i dag ikkje konkrete planar om dette blant våre kommunar.

Med dette som utgangspunkt meiner styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

### **Resultat og utvikling**

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse, slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapan for 2017 viser ein omsetnad på kr 1.957.000, som er inntekta frå kommunane. I 2017 har drifta resultert i eit driftsoverskot på kr 29.284 og eit **positivt årsresultat på kr 31.198**. Lønnskostnadene og driftskostnadene blei litt lågare enn budsjett. Sekretariatet utførar rekneskapsføring og lønnskjøring sjølv. Det gjer at ein har full innsikt i selskapet sin økonomiske situasjon til ein kvar tid.

Styret gjer framlegg at overskotet vert tilført eigenkapitalen. IKSet er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår og arbeidsstokk. Det er såleis viktig å ha reservar tilgjengeleg. Ved å kunne sette av midlar vil selskapet bli meir robust i sin daglege drift, samstundes som selskapet blir meir likvid.

Selskapet har i 2017 ikkje delteke i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

### **Arbeidsmiljø**

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråversprosenten blei, som i fjor, på 0,4 %. Det har ikkje vore nokon skadar eller ulykker. Selskapet har hatt fokus på forhold knytte til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Som tidlegare år har styret ein positiv haldning til kompetanseoppbygging i selskapet. Styret meiner det er viktig for å halde på dyktige medarbeidarar og det har positive verknader for arbeidsmiljøet. Sekretariatet har i 2017 delteke på konferanse i regi av NKRF på Gardermoen i februar og Forum for kontroll og tilsyn i Tromsø i juni. I år var Rogalandssekretariatet vertskap i august for nettverksmøtet for Haugalandet, Rogaland og Agder. Det var lagt til Byrkjedalstunet. Dagleg leiar og rådgjevar deltok også på Vestlandssamlinga for kontrollutvalssekretariat i Loen i oktober.

### **Likestilling**

Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er samansett av to kvinner og ein mann. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

### **Ytre miljø**

Selskapet har ikkje verksemd som forureinar utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Aksdal i Tysvær kommune, som geografisk ligg omlag midt i selskapet sitt virkeområde.

### Avslutning

Som sekretariat for kontrollutvala er selskapet avhengig av eit nært og godt samarbeid med kommunestyra og administrasjonen i kommunane. Styret vil takka for samarbeidet som har vore i året som har gått og ser fram til eit nært og godt samarbeid i tida som kjem. På den måten kan Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS på sin måte vere med på å få ein vel fungerande forvaltning og skape størst mogleg tillit til kommunane som forvaltningsorgan, til beste for kommunane og den enkelte innbyggjar.

Aksdal, 22.02.18




**Astri Furumo**  
styreleiar



**Simon Næsse**  
nestleiar



**Siv Bente Stople Østbø**  
styremedlem



**Toril Hallsjø**  
dagleg leiar